



ÅL
HALLINGDAL

6 turfavorittar på ski i Ål

Reineløypa i Bergsjøområdet

Rundtur på Bergsjø. Ca. 12 km.

Start på Bergsjøstølen og gå løypa mot Reine. På Reine er det open kiosk daglig i vinterferien og i påska. Vidare frå Reine går løypa til Hesthovdstølen og tilbake til Bergsjøstølen.

Løypa går fint terreng under Reineskarvet på 1100 m.o.h. På fine dagar anbefalas ein tur opp på Reineskarvet (1700 moh), men vær oppmerksom på været for det kan skifte raskt (umerka topptur).

[Sjå løypekart for Bergsjøområdet](#)

Vegbeskrivelse

Køyr 3 km frå Ål sentrum retning Oslo og ta av ved Gullhagakrysset – skilta mot Vats/ Bergsjøområdet. Følg vegen i 27 km til Bergsjøstølen Høgfjellshotell. Parkeringsavgift.

Postkasse ved krysset Mørehovda.

Kart Reineskarvet 1: 50 000

Kinnhovdløypa på Votndalsåsen

En fin og lett tur med god utsikt - ca 6,8 km

Me vil anbefale at ein startar turen med å gå mot klokka. Løypa går i lett kupert terreng og passar bra for både store og små. Turen gir flott utsikt til nærliggande fjellområder. Rasteplassen Pøsekroken ved Kinnhovdun har både akebakke med akebrett og gapahuk. Ein kan også ta lengere rundar dersom ein ynskjer det då denne runden også har forbindelse med både Gaukeliløypa (9,1 km) og Skogsløypa (7,9 km).

Det kan være lurt å ha med seg eit eksemplar av Liatoppen sin løypebrosjyre som ein kan gå etter.

[Sjå løypekart for Liatoppen / Votndalen](#)

Vegbeskrivelse

Køyr 3 km frå Ål sentrum retning Oslo og ta av ved Gullhagakrysset mot Ål Skisenter. Like før Ål Skisenter tar du av til høgre ved skiltingen mot Løken og Sehlsvegen. Følg vegen til du kjem til parkeringsplassen på Åsetno. Betalingsbom.

Postkasse ved Pølsekroken

Kart: Reineskarvet 1:50 000

Stavestølrunden på Øvre-Ålsåsen

Rundtur i skogsterreng på ca. 6,5 km

Utgangspunktet for turen er parkeringa på Mariannes plass (fyrste P på løypekartet frå Laa). Er ungane med på tur er det fint å starte turen mot Damtjørne og Damrasten, då blir det fleire nedoverbakkar på rundturen. Dersom rundturen blir for lang er det mogleg å gå bilvegen attende halvvegs i løypa.

For dei som ynskjer litt meir utfordring kan ein starte å gå til venstre i retning Stavestølane og Skarverasten.

Det er to rasteplassar langs løypa, Damrasten som ligg meir i le for vinden og Skarverasten med utsikt til Hallingskarvet. På rasteplassane finn du gapahuk, bålpanner og akebakke.

[Sjå løypekart for Kvinnegardslia og Øvre-Ål.](#)

Vegbeskrivelse

Køyr Sundrevegen frå Ål sentrum mot skuletoppen retning vest og følg skilting til Øvre-Ål og Kvinnegardslia. Ta av ved returstasjonen i Kvinnegardslia, køyr Kroktjødnvegen skilta mot Primhovda Sør og følg vegen til andre parkeringsplass. Betalingsavgift på 50,- pr. sms.

Postkasse på Skarverasten.

Kart: Reineskarvet 1: 50 000

Rundtur på Veståsen med rasteplassen Svarthamarlie

Rundtur på ca. 9 km i lett til middels terreng.

Utgangspunktet for turen er p-plassen i Hestkroken, eller på Høgehaug som ligg 200 meter lenger inn på Veståsen i Ål. Turen passar for alle aldersgrupper. Inn til rasteplassen Blåbærhaugen ved Svarthamarlie er det ein lett tur på rundt 2 km som passar godt for barnefamiljar. Her er det ein lavvo med plass til ca. 20 personar, 2 bålpanner, benkar, ved, akebrett og preparert akebakke.

For dei som ynskjer ein lengre tur kan ein gå til Bosset og nyte utsikten. Derifrå ser ein Hallingskarvet, Reineskarvet, Lauvdalsbrea, Blåbergi, Såta, Grytingen og Skogshorn. Løypa går vidare opp på Grøthovda. Også eit flott utsiktspunkt med

Nysetknippen i vest og Dyna 1212 m.o.h. i sør.

Vidare går løypa forbi Fjellheim med ein fin utforkjøring ned Svarthamarlia attende til Blåbærghaugen.

[Sjå løypekart for Veståsen/ Sangefjell](#)

Vegbeskrivelse

Køyr opp Vestlia frå Ål jernbanestasjon og følg vegen til Bosset. Betalingsbom, kun kontantar. Det er fem parkeringar langs vegen, sjå løypekartet til Veståsen og Sangefjell.

Postkasse i Blåbærghaugen

Kart: Veståsen/ Sangefjell 1:50 000

Tranemyr - Nystølrunden på Sangefjell

Barnevennlig rundløype på ca. 11 km med utsikt til Sangefjell.

Turen startar du ved hovudparkeringa ved Turrhaug. Ta til høgre i fyrste løypekryss og gå mot Storhovda. Her finn du gapahuk og grillplass. Terrenget er lite kupert og fint egna for barnefamiliar og uvêrsdagar. Ved rasteplassen i Bergstølkrysset finn du postkassa.

Vidare mot Tranetjørni og attende mot Nystølmyrane får du utsikt mot Hallingskarvet og Reineskarvet. Løypa går mest over myrar og er lite utsatt for vind. Denne blir oftast køyrt, derfor er den godt egna også på dagar der veret ikkje er best.

[Sjå løypekart for Veståsen / Sangefjell.](#)

Vegbeskrivelse

Køyr Rv 7 langs Strandafjorden, ta til venstre i Kleivi Næringspark og følg vegen over brua opp Sangefjellvegen. Betalingsbom for kort og kontant. Parker ved hovudparkeringa på Turrhaug.

Postkasse ved rasteplassen i Bergstølkrysset

Kart: Veståsen/ Sangefjell 1:50 000

Buhovd - Gaurhovdrunden på Torpoåsen

Rundtur på ca. 11 km i lett og barnevennlig terreng

Med utgangspunkt frå parkeringsplassen på Øknin er dette ein fin tur som passar for barnefamiliar og for dei som vil gå lenger då den kan kombineras med fleire løyper.

Denne turen vil ta deg rundt Øknevatn og me anbefalar å starte turen mot Ringhovd og ta runden østover. Her befinn du deg i noko skogsterreng til å begynne med og

deretter i meir ope terreng. Ein får ein slak og fin tur opp mot Gaurhovd som har open kiosk i påska. Dette er ein flott og populær stoppestad for ein pust i bakken. Gå vidare mot Buhovd og attende til utgangspunktet ved parkeringsplassen. Det er også satt ut benkar både ved Gaurhovd og Buhovd.

[Sjå løypekart for Torpo- og Opheimsåsen](#)

Vegbeskrivelse

Ta av frå RV 7 ved Torpo til Torpo Kyrkje, ta derfrå Oppheimsvegen til toppen av Oppheimsgrenda der du køyrer mot venstre til stølsvegane, følg Nørdre Volelivegen til Øknevegen, ta av til venstre ovanfor Kolsrudstølen. Køyr Øknevegen til vinterparkeringsplass på Øknin der løypene startar. Frå Torpo sentrum og til Øknin er det ca 10 km. Du kan også køyre Nørdre Volelivegen til vinterparkeringa ved Ringhovd og gå herfrå. Betalingsbom.

Kart: Reineskarvet 1: 50 000

Postkasse i krysset ved Buhovd.

Alle turane finn du også på www.ut.no

God tur!